

Kultur

Kostradokument nr. 1

Førebuande dokument til arbeidet med budsjettet for 2010

**Gjennomgang av funksjonar
under kultur - området**

Kultur. Budsjett pr. april 2009

Funksjon/Tenester		Netto utg 2008	Brt. utg. 2009	Inntekt 2009	Fond 2009	Netto utg 2009
23110	Aktivitetstilbud barn og unge	1 077	887	-171		716
23111	Ferieklubben	147	205	-74		131
231*	Aktivitetstilbud barn og unge	1 224	1 092	-245	0	847
365*	Kulturminnevern	333	333	0		333
37000	Bibliotek	2 449	2 565	-87		2 478
37010	Bokbuss	325	326	-21		305
37020	Drift og tilsyn lokaler – bibliotek	416	415	-3		412
37022	Vedlikehold – bibliotek	4	5	-1		4
37023	Nybygg og utvikling – bibliotek	5	5	0		5
37025	Reinhald av bibliotek	1				0
370*	Bibilotek	3 200	3 316	-112		3 204
37300	Drift av Kino	235	424	-271		153
37310	Drift og tilsyn lokaler – kino	17	19	-2		17
37312	Vedlikehold lokaler – kino	68	10	-2		8
37315	Reinhald lokaler - kino	5	5	-1		4
373*	Kino	325	458	-276	0	182
37500	Musèer	630	869	-162		707
37510	Drift og tilsyn lokale - musèum	95	90	-14		76
37512	Vedlikehold - musèum	2	3	-1		2
375*	Museum	727	962	-177	0	785
377*	Kunstformidling	705	710	-3		706
38000	Drift og tilsyn egne idrettsanlegg	12	4 196	-2		4 195
38005	Reinhald idrettsanlegg	24	147	-2		145
38010	Drifts og anleggsstøtte idrett	1 065	2 570	-1 500		1 070
38020	Anna støtte idrett	922	896	-18		879
38030	Drift av idrettskontor	100	100			100
380*	Idrett og tilskot	2 123	7 908	-1 520	0	6 389
38100	Drift og tilsyn kommunale idretts-bygg og -anlegg	3 477	1 606	-356		1 250
38110	Vedlikehold kommunale idretts-bygg og anlegg	46	56	-11		45
38130	Reinhald kommunale idretts-bygg og anlegg	102	335	0		334
381*	Idrettsbygg	3 625	1 997	-367	0	1 629
38500	Adminstrasjon av kulturtiltak	2 392	3 636	-1 828	-300	1 508
38510	Bygdebøker	0	0			0
38521	Andre tilskot til kulturtiltak	1 312	750			750
38530	Vaksenopplæring utanfor skuleverket	4	4			4
38543	Nybygg og rehabilitering - kulturhus	0	95			95
385*	Kulturtiltak og tilskot	3 708	4 485	-1 828	-300	2 357
38620	Nybygg og rehabilitering kulturbygg	95				0
38630	Reinhald kulturbygg	-89	0	-89		-89
386*	Kulturbygg	6	0	-89	0	-89
	Totalt	15 976	21 261	-4 617	-300	16 344

Innleiing

For å starte utbygginga av Hardinghuset hausten 2010, overfører rådmannen noverande kultursjef Lars Erik Klafstad til hundre prosent prosjektfinansiert stilling som prosjektansvarleg for Hardinghuset i to år.

Kulturavdelinga vert i desse to åra lagt inn under skulesjefen, som får tittelen skule- og kultursjef. Noverande rektor ved kulturskulen Rolf Seldal, vert konstituert i denne stillinga, førebels i eitt år.

Heimelen som kultursjef vert lagt på is i to år. Det følgjer av dette at aktiviteten på kulturfeltet må verte monaleg lågare i desse to åra. Det er del av det reduserte driftsnivået som Heradsstyret har pålagt rådmannen å realisere.

Det er viktig at reduksjonen i driftsnivået vert politisk styrt. Difor har rådmannen utarbeidd dette dokumentet. Håpet er at heradsstyret kan realisere ambisjonen om å kome inn i budsjettprosessen (for 2010) så tidleg som råd er.

Rådmannen vil utarbeide eit tilsvarande dokument for kvar KOSTRA - kategori. Dei vil følgje same malen som for kultur, altså langt meir detaljerte enn budsjettdokumenta så langt har vore i Kvam.

Dokumenta vert utarbeidd i løpet av sumaren. Såleis vil heradsstyret alt tidleg i august ha eit godt materiale til å starte budsjettarbeidet.

Godt, men sjølvsagt ikkje fullgodt. For fleire viktige premissar for budsjettet kjem først i statsbudsjettet i oktober. Dei vert inkludert i rådmannen sitt framlegg til budsjett som heradsstyret mottok i oktober. Men, fordi status, utviklingstrekk og ambisjonar strengt tatt ikkje endrar seg så mykje frå år til neste, vert ikkje hovuddelen i framlegg til budsjett mykje annleis enn det som vert presentert i dokumenta for kvar KOSTRA - kategori. Det skulle såleis vere råd å starte arbeidet med å saldere driftsbudsjettet rekordtidleg.

Oversikt over rammeområdet Kultur

Dette rammeområdet har 10 funksjoner og 30 aktive tenester. Brutto utgift i 2009 er budsjettet til 21,3 mill, netto ramme 16,3 mill. Det utgjør 4 prosent av samla brutto utgifter i heradet.

Av områder som det er råd å redusere deler av, og som monner, er;

Funksjon/teneste	Tekst	Mill kr.
231*	Aktivitetstilbud for barn og unge	0,8
370*	Bibliotek	3,2
373*	Kino	0,2
375*	Museer	0,8
380.10 (1)	Drift - og anleggsstøtte idrett	1,1
381*	Idrettsbygg	1,6
385*	Kulturtiltak og tilskot	2,4
		10,1

Det er alt kutta monaleg på kulturfeltet.

- Stilinga som idrettskonsulent er borte
- Tilskotet til kulturbasert næring er borte (til dømes Harding Puls)

Dertil er det gjennomført endringar som reduserer utlegga over kulturbudsjettet. Det gjelder 20 prosent stilling knytt til ungdomsrådet (overført til utekontakten) og 100 stilling som ungdomsarbeidar (overført til kulturskulen).

Som følge av dette er desse oppgåvene nedprioriterte:

Sakshandsaming kultur- og næring
Konsulentbistand festivalar, kunstnarar, og frivillige organisasjonar
Representasjon ved jubileum
Marknadsføring av kommunen og regionen
Internasjonalt samarbeid
Føredrag rundt i kommunen
Arbeid med nærings- og kulturplan
Flyktningplan og integreringsarbeid
Barn og unge

Funksjon 231 Aktivitetstiltak for barn og unge

1. Økonomi

Funksjonen har ei bruttoutgift på 1,1 mil, netto kr. 0,9. Dette er ein reduksjon i høve 2007 på knappe 0,4 mill. Rekneskapen for 2008 syner ei netto utgift på 1,3 mill. kr., dvs. 0,1 mill. kr. meir enn budsjettert.

Forhold lønn/drift: 11/89

2. Aktivitetar knytt til barn og unge

Teneste	Diverse	Tekst	Utgift	Inntekt	Totalt
23.110	K023	Leiarutdanning	10 000		10 000
	K024	Leikeplassar	100 000		100 000
	K026	Organisasjonar	145 000		145 000
	K031	Spesielle ungdomstiltak	120 000	0	120 000
	K046	Ungdommens Kulturmonstring	100 000	-20 000	80 000
	K048	Ungdomsklubbar	10 000		10 000
	K058	Kvam Motorsportsenter (HST-017/02)	100 000		100 000
		MVA - komp	50 700	-50 700	0
		Brukarbetaling		-100 000	-100 000
		Overføring til private	33 000		33 000
		Forbrukmateriell	200 000		200 000
		Diverse	18 115	-400	17 715
23.111		Ferieklubben	205 000	-74 000	131 000
		Totalt	1 091 815	-245 100	846 715

3. Endring av aktivitetar

Funksjonen vart skore ned med om lag 30 prosent frå 2008 til 2009 då ungdomsarbeidaren vart overført til kulturskulen. Vidare nedskjering kan berre skje ved at aktivitetar som er vist til i tabellen over vert kutta ned.

Teneste 23.110 Aktivitetstilbod barn og unge

1. Økonomi

Tenesta har ei bruttoutgift på 887.000, netto 716.000. Dette er ein reduksjon i høve til 2008 på kr. 361.000. Inntektene kjem frå brukarbetalingar.

Forhold løn/drift: 0/100

2. Endring av aktivitetar

Opplagt vert aktivitetsarbeidet råka av kutta, spesielt det haldningsskapande arbeidet. Innanfor helse- og sosialtenestene etterspør mange denne innsatsen frå kulturavdelinga.

3. Oppgåver som er att på kultur

- Haldningsarbeid (trafikk og rus)
- Aktivitetsarbeid
- Sakshandsaming barn og unge

4. Teneste 23.111 Ferieklubben

4.1. Økonomi

Tenestene har ein bruttokostnad på kr. 205.000 og netto kr. 131.000

Inntektene er i hovudsak knytt til eigenbetaling frå brukarane

Forhold lønn/drift: 56/44

4.2 Aktivitetar

Tenestene inneheld aktivitetar knytt til barn og unge. Ferieklubb for born i alderen 6 – 10 år, dette tilbodet går til alle born i Kvam i den aktuelle alderen. Ferieklubben går over 3 veker. Stor auke i påmelding.

4.3 Endring av aktivitetar

Ferieklubben er på om lag same nivå som i 2008.

36.500 Kulturvernminne

Økonomi

Tenesta har ein bruttokostnad på kr. 333.000 og netto kr. 333.000. Kostnaden gjeld avskrivningar.

370 Bibliotek

1. Økonomi

Funksjonen har ein bruttokostnad på 3,3 mill., netto 3,2 mill. Inntektene er i hovudsak MVA - kompensasjon (kr. 45.000). Budsjettet er så godt som identisk med 2008.

Forhold lønn/drift: 62/38

2. Aktivitetar

Tenestene omfattar all bibliotekteneste i Kvam

Tenestene delt ut på stad:

Stad	Utgifter	Inntekter	Totalt
Bibliotek	605 620	-2 600	603 020
Fellesutgifter	1 020 219	-43 700	976 519
Fellesutgifter Ålvik	26 580	0	26 580
Norheimsund folkeboksamling	665 213	-28 200	637 013
Strandebarm folkeboksamling	182 500	-5 500	177 000
Øystese folkeboksamling	626 800	-21 500	605 300
Ålvik folkeboksamling	189 442	-10 100	179 342
Totalt	3 316 374	-111 600	3 204 774

Det må her gjerast ein omfordeling av budsjett for å plassera utgiftene på rett stad. Dette gjeld bl.a. husleigeutgifter som ikkje skal belastast fellesutgifter, men det aktuelle bibliotek.

3. Endring av aktivitetar

Tenestene har om lag same nivå i 2009 som i 2008. Dersom nettokostnaden knytt til tenesta skal skjerast ned, må det skje ved at talet på tilsette vert redusert, dvs. redusera talet på avdelingar.

373 Kinodrift

1. Økonomi

Funksjonen har ein bruttokostnad på 0,48 mill. kr. og netto 0,18 mill. kr. Dette er ein reduksjon i høve til 2008 på 0,15 mill. kr. og gjeld reduserte midlar til drift og vedlikehald av kinolokale.

Forhold lønn/drift: 38/62

2. Aktivitetar

2.1 Ordinær kinodrift

Tenestene organiserer all kinodrift i Kvam.

H.post	Tekst	Utgifter	Inntekter	Totalt
0	Lønn	170 079		170 079
1	Driftsutgifter	227 697		227 697
2	Kjøp av tenester	20 400		20 400
4	MVA - komp	59 700		59 700
6	Billettinntekter		-200 000	-200 000
7	Mva - komp + diverse inntekter		-95 700	-95 700
Totalt		477 876	-295 700	182 176

Booking av filmar, informasjon, annonsering og rapportering.

Samarbeid med filmklubben om filmvisingar på kinoen 2. kvar veke.

Minimum 2 faste filmframvisningar pr veke.

Byggteknisk oppfølging i samarbeid med teknisk etat, samt brannvernkurs for tilsette.

Utleige av kinoen til konsertar og møte.

Skulekino (DKS) for grunnskular og vidaregåande, barnehagekino for alle barnehagar årleg, seniorkino på dagtid, spesialvisingar etter oppdrag.

Sakshandsamar konsesjonar for videosal.

2.2 Den kulturelle skulesekken (DKS)

Organiserer årlege visingar for alle i grunnskule og vidaregåande, i samarbeid med DKS, skulane og kulturskulen. Dokumentarfilmprosjekt for 10. klassar i 2007 og 2008.

2.3 Spesielle tiltak

Rettleiing og innspel til segregerte og integrerte tiltak for funksjonshemma.

Kulturell spaserstokk, samarbeid med bibliotek, Grannehjelpa, frivillige lag/org.

Oppgåver knytt til Hardangerlokk

3. Endring av aktivitetar

Tenesta har om lag same nivå i 2009 som i 2008. Pålegg om å forhandle med ekstern aktør om framtidig drift. Kinoen må digitaliserast. Eingongsinvestering ca 250.000,- til å oppgradera lydanlegg, lerret og ventilasjon før digitalisering.

375 Museum

1. Økonomi

Funksjonen har ein bruttokostnad på 0,96 mill., netto 0,78 mill. kr. Netto kostnaden i budsjett for 2008 var 0,73 mill. kr. Rekneskapen for 2008 viste ein nettokostnad på 0,66 mill. Forhold lønn/drift: 68/32

Stad(T)	Utgifter	Inntekter	Totalt
Fellesutgifter	846 200	-158 400	687 800
Borgstova, Vikøy	6 990	-500	6 490
Ingebrigt Vik Museum	18 709	-8 400	10 309
Storeteigen	17 319	-3 000	14 319
Vikøy skulemuseum	8 190	-1 600	6 590
Øystese barnehage	0	0	0
Ålvik folkeboksamling	2 500	-2 500	0
Ålvik Industriarb. museum	18 663	-2 000	16 663
Diverse	42 570		42 570
Totalt	961 141	-176 400	784 741

Mest alle fellesutgifter er lønn 653.500).

2. Aktivitetar.

Tenestene omfattar alle museum i Kvam; Ingebrigt Vik Museum, Kvam bygdemuseum Storeteigen, Borgstova, Skulemuseet, Ålvik industriarbeidarmuseum. Aktiviteten er som før.

3. Endring av aktivitetar

Tenestene har om lag same nivå som i 2008. Stillinga som museumsstyrar skal i løpet av august 2009 overførast til Hardanger og Voss Museum. I ny avtale mellom Kvam herad og museet vert arbeidsgjevaransvaret for museumsstyraren overført til museet.

Det vil likevel vere nokre oppgåver att som ikkje fell naturleg inn under museet. Det gjeld kulturminne, og sakshandsaming av søknader om midlar til kulturminne føremål. Vidare inkluderer ikkje avtala forvaltning og ansvar for samlingane etter Breidvik og Aksnes.

377 Kunstformidling

1. Økonomi

Kunstformidling har ein bruttokostnad på 0,7 mill.. Her er ingen inntekter. Budsjett for 2008 viste ein nettokostnad på også 0,7 mill. kr. Rekneskapen for 2008 viste eit netto forbruk på 0,53 mill. kr.

Forhold lønn/drift: 29/71

Aktivitetar.

Kode	Aktivitetar	Utgifter	Inntekter	Totalt
K016	Hardingtonar/Bygdalarm	150 000		150 000
K019	Kunstformidling	10 000		10 000
K023	Leiarutdanning	5 000		5 000
K028	Skulemusikk	120 000		120 000
K029	Song og musikklag	120 000		120 000
	Lønn pianist/formidling	203 500		203 500
	Husleige	85 000		85 000
	Diverse	16 100	-3 200	12 900
Totalt		709 600	-3 200	706 400

2. Endring av aktivitetar

Tenesta er på same nivå i 2009 som i 2008. Vidare nedskjering må skje ved at konkrete aktivitetar som er vist til i tabellen over vert kutta ned. Posten husleige gjeld leige av lagerlokale til Ingebrigt Vik i Tunet i Øystese, og leige av lokale til arrangement.

380 Idrett og tilskot

Funksjonen har ein bruttokostnad på 7,9 mil kr., og netto kr. 6,4 mill kr.

Forhold lønn/drift: 02/98.

Teneste 38000 Drift og tilsyn egne idrettsanlegg

Stad(T)	Utgifter	Inntekter	Totalt
Idrettshall Øystese	1 029 176	-1 300	1 027 876
Norheimsund - idrettsbane	327 045		327 045
Norheimsund idrettshall	780 000	-400	779 600
Strandebarm idrettspark	1 696 876		1 696 876
Øystese idrettsbane	264 824		264 824
(tom)	98 500		98 500
Totalt	4 196 421	-1 700	4 194 721

Dette gjeld avskrivningar idrettsbygg (4,1 mill. kr.) og er flytta frå teneste 38.100

Teneste 38010 Drift og anleggsstøtte idrett

Aktivitetar

Kode	Aktivitetar	Utgift	Inntekt	Totalt
K004	Fordeling statstilskot	1 500 000	-1 500 000	0
K012	Drift Anlegg	200 000		200 000
K013	Drift Turløyper	140 000		140 000
K014	Friluftsanlegg	100 000		100 000
K038	Idrettsanlegg	240 000		240 000
K106	Skiløyper Sjuseter	200 000		200 000
K111	Hardanger Golfklubb	40 000		40 000
K112	SIL grasbane	150 000		150 000
Totalt		2 570 000	-1 500 000	1 070 000

Inntekta gjeld forventta utbetaling av statstilskot (spelemidlar) i 2009 til Strandebarm idrettspark, Ålvik idrettslag og Øystese IL Fotball.

Endring av aktivitetar

Tenesta er på same nivå som i 2008. Vidare nedskjering må skje ved at konkrete aktivitetar som er vist til i tabellen over vert kutta ned.

Teneste 38020 Anna støtte idrett

Aktivitetar

Diverse	Tekst	Utgifter	Inntekter	Totalt
K009	Stipend	20 000		20 000
K017	Idrettshus	40 000		40 000
K018	Idrettslag	280 000		280 000
K023	Leiarutdanning	25 000		25 000
	Overføring til private	400 000		400 000
	Lønn	75 000		75 000
	Diverse	56 100	-17 600	38 500
Totalt		896 100	-17 600	878 500

0,4 mill. i overføring til private gjeld sletting av gjeld til NIL Fotball. Løn og diverse er arbeidsgivaravgift og driftsmidlar som skal flyttast over til økonomikontoret (teneste 12050) i samband med at idrettskonsulenten har gått over i stilling som innkjøpsleiar.

Endring av aktivitetar

I høve til 2008 vil aktiviteten gå ned som følgje av at idrettskonsulenten er borte. Oppgåvene er overført til kultursjefen, med unntak av spelemiddelsøknader som vert handtert ved økonomikontoret.

Må gjerast:

- Booking av idrettshallar/fordeling av treningstider.
- Kontaktpunkt idrettsråd
- Kontaktpunkt Fylkeskommunen
- Kontaktpunkt Hordaland idrettskrets, kampoppsett handball, volleyball, basket.
- Behandle søknader om kommunal stønad (idretts- og friluftssorg. , utvikling av idrettsanlegg, driftsstønad til private idrettsanlegg m.m). Frist 15 mars.

- Forberede og sende spelemiddelsøknadar, frist 15 januar. Prioriteringsliste må handsamast i heradstyre desember året før.
- Revidering av innvilga spelemidlar.
- Følgje med på ulike stønadstiltak/satsingsområde frå sentrale og fylkeskommunal hald.
- Forhandle fram driftsavtalar med aktuelle aktørar.

Nedprioritert:

- hjelpe idrettslag/org. med finansiering/søknader i samband med ulike prosjekt
- initiere tiltak framlagt i idrettsmeldinga
- satse på opparbeiding/merking av turvegar og løyper.
 - *prosjekt på kvamskogen
 - *seminar om innovativ fjellturisme sin merkemal i samband med fylkeskommunen (på Kvamskogen)
 - *iverksetja andre merkeprosjekt med innovativ fjellturisme sin merkemal (toppturar i Kvam)
 - *web basert løysing med turforslag i Kvam (på heimesida til Kvam herad)
 - *styrkje fokuset på tilrettelegging av turvegar og liknande i nærområda der folk bur (folkehelseiltak)

381 Idrettsbygg

Funksjonen har ein bruttokostnad på 2,0 mil kr., og netto kr. 1,6 mill kr.

Forhold lønn/drift: 8/92

Stad(T)	Utgifter	Inntekter	Totalt
Fellesutgifter	28 800	-28 800	0
Fellesutgifter Norheimsund	1 010	-200	810
Fellesutgifter Ålvik	14 750	-1 300	13 450
Idrettshall Øystese	53 700	-114 282	-60 582
Norheimsund - idrettsbane	6 280	0	6 280
Norheimsund idrettshall	301 148	-57 800	243 348
Strandebarm idrettspark	734 200	-48 800	685 400
Strandebarm symjebasseng	605 400	-116 300	489 100
Stad ?	251 210		251 210
Totalt	1 996 498	-367 482	1 629 016

Aktivitetar

Dette kapitlet gjeld drift av idrettsanlegg. Stor endring frå 2008 pga. avskrivning er flytta til teneste 38. Drift av symjebassenget i Strandebarm må også vurderast. Her ligg det inne ein reduksjon på 0,8 mill. Det manglar også budsjett på Øystese idrettsbane som er i kommunal eiga, og som heradet må ta ansvar for. Dette bør justerast i 1. tertial. Det vil koma rekning på det som vert utført. Det kan også verka til at budsjett for Idrettshall Øystese har eit budsjett som er for lågt. I 2008 var netto driftsutgifter om lag 0,25 mill. ekskl. avskrivningar.

Rådmannen vil gjennomgå driftsbudsjetta for idrettsanlegga. Dette vert ei av oppgåvene til den nye økonomikonsulenten til hausten.

Endring av aktivitet

For å redusera aktiviteten må anlegg stengjast.

385 kulturtiltak og tilskot

Funksjonen har ein bruttokostnad på 4,5 mil kr., og netto kr. 2,4 mill kr.

Forhold lønn/drift: 40/60

Teneste 385.00 Administrasjon av kulturtiltak

Aktivitetar.

Kode	Aktivitet	Utgift	Inntekt	Totalt
K107	Hauge/Tveitt jubileum	200 000		200 000
K108	Kvammalokk	192 400	-2 800	189 600
***K110	Den kulturelle spaserstokken	0		0
K113	Hardangerlokk (HST-083/08)	2 062 500	-2 062 500	0
P000	(tom)	8 000		8 000
	Lønn bl.a. kultursjef + 50% kulturkons	908 900		908 900
	Diverse driftsutgifter	264 600	-62 800	201 800
Totalt		3 636 400	-2 128 100	1 508 300

Aktivitetar

Denne tenesta gjeld finansiering av diverse kulturtiltak og administrasjon av kultursektoren. K107 er tilskot til Hauge - Tveitt jubileet 2008 AS. Siste år med tilskot til selskapet.

K110 Den kulturelle spaserstokken gjeld tilskot kr 81 000,- i 09, og midlane inngår i samarbeidsprosjekt med Grannehjelpa.

K108 gjeld Hardangerlokk, og må sjåast i samanhang med K113. Kvam herad er administrasjon for prosjektet og forvaltar dei regionale midlane og tilskota. Messen i Ålvik, husvære i Berlin, stipend og lokkehelger ligg innafor ramma.

*** Heradet fekk 81 000 til den kulturelle spaserstokken i 09.

Heradet fekk inn 28 000 frå Hordaland fylkeskommune til vinteraktivitetsdag for funksjonshemma.

Prosjekt P15071(festframsyning og jubileum for Tveitt og Hauge): Vi fekk inn i 2009:

300 000 frå Sb vest

360 000 frå HT08 AS

40 000 frå Hardanger kulturråd

700 000

Endring av aktivitet

Den økonomiske ramma gjeld enten eksterne øymerka tilskot, regionale midlar eller avslutta prosjekt. Det er teknisk mogleg for Kvam å trekke seg ut av Hardangerlokk, men prosjektet fell med det. Det skal vel ikkje vera budsjett på Kvammalokk i 2009. Dette er eit avslutta prosjekt, og midlane vert trekt inn.

Teneste 385.21 Andre tilskot kulturtiltak

Budsjett 0,75 mill kr.

Forhold lønn/drift: 0/100

Aktivitetar.

Kode	Aktivitet	Utgifter	Inntekter	Totalt
K009	Stipend	25 000		25 000
K011	Allment Kulturarbeid	200 000	0	200 000
K025	Nærmiljøtiltak	100 000		100 000
K027	Samfunnshus	250 000		250 000
K030	Spesielle prosjekt	100 000		100 000
	Diverse	75 000		75 000
Totalt		750 000	0	750 000

Aktivitetar

Dette kapitlet gjeld tilskot til ulike kulturtiltak som underskotsgaranti, støtte til cd-produksjon, konsert, teater osv. Siderfestival, Kinck-dagane og Ålvik rock er mellom dei som får tilskot.

K025 og K027 er dekning av materialkostnader til dugnader i nærmiljøa og til vedlikehald av lokale kulturhus.

Endring av aktivitet

Kutte støtte til aktivitet i kulturfeltet.

386 Kulturbygg

Funksjonen har ein bruttokostnad på 0,0 mil kr., og netto kr. -0,1 mill kr.

Forhold lønn/drift: 0/100

Aktivitetar.

H.post	Tekst	U	I	Totalt
6	Salsinntekter		-88 570	-88 570
Totalt		0	-88 570	-88 570

Denne funksjonen gjeld kulturbygg. Det er ikkje budsjettert med utgifter på denne funksjonen, men det vert belasta utgifter til husleige og straum, slik at vi må gå gjennom denne og sjå om det skal overførast midlar frå andre funksjonar.

Regionalt samarbeid

Strategisk viktig for å utløyse midlar

Motvirke dårleg kommuneøkonomi

Næringsutvikling

Kulturbasert næring er den næringa som er i størst vekst, og det er og innanfor kultur- og næring det er mogleg å løyse ut midlar, både offentleg og privat.

Konsekvensar av manglande regional satsing:

Kvam som storebror i regionen har særleg ansvar for å løfte opp regionale prosjekt. Det er tvilsamt om nokon av dei andre kommunane kan få til det same, og vi kan snakke om regionale konsekvensar.